



BYGLAND KOMMUNE
Sentrum 18
4745 BYGLAND

Dato: 02.04.2024
Vår ref: 23/15498-2
Dykkar ref:
Sakshands.: Sam Bugge

D/S Bjoren - LACX - Varsel om oppstart av freding

Med heimel i *lov om kulturminner* av 9. juni 1978 nr. 50 (kulturminnelova) § 14 varslar Agder fylkeskommune oppstart av fredingssak for D/S Bjoren – LACX.

Eigarar, offentlege etatar og andre som kan ha interesser i fartøyet blir varsla direkte med denne meldinga.

Dette varselet inneheld informasjon om førebels omfang av fredningssaka, følgjer av ei freding og vidare prosess. Det er anledning til å komme med innspel til dette varselet. Nærare informasjon om dette følgjer i slutten av brevet.

Omfanget av fredinga

Framlegget om freding etter § 14a vil omfatte heile fartøyet med fast inventar og utstyr. Kulturminnelova gjev høve til å frede heile eller delar av fartøyet. Det vil bli aktuelt å gjere ein samla gjennomgang for nærare å spesifisere kva for interiør og teknisk utstyr, maskineri, rigg og større laust inventar som vert omfatta av fredinga. Fredinga skal i seg sjølv ikkje vere til hinder for vidare drift av fartøyet.

Bakgrunn for fredingssaka

Målsettinga er å ta vare på eit representativt utval fartøy frå alle kategoriar gjennom freding. Fredinga av «Bjoren» vert grunngjeven med fartøyet sine kultur- og kjeldehistoriske verdiar knytt til samferdslehistoria generelt, og i Setesdalen spesielt. Som type er «Bjoren» ein dampslupp, og representerer den tidlege trafikken på vassvegane i innlandet. Samstundes vitnar den om ei utvikling som var gjengs for trafikken på mange vatn, der dampsluppene med tida vart ombygde og innebygde og var i bruk like lenge som rutene vart oppretthaldne.

Saman med dei øvrige freda fartøya på innlandet – «Skibladner» på Mjøsa, «Storegut» og «Ammonia» på Tinnsjøen, og «Turisten» på Haldenkanalen – bidrar «Bjoren» til å gi eit meir heilskapleg bilete av båtferdselen på ferskvatn i Noreg i tidsrommet 1856 til 1956.

Skildring og historikk

D/S «Bjoren» vart levert frå Akers Mekaniske Verksted til Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen i 1867 for passasjertrafikk på Kilefjorden. Dampsluppen var opphavleg 52 fot lang og hadde ei

Besøksadresse:
Tordenskjolds gate 65 4614
KRISTIANSAND S

Postadresse:
Postboks 788 Stoa, 4809 Arendal

Telefon:
+47 38 05 00 00

E-post:
postmottak@agderfk.no

Org.nr.:
921 707 134

Nettstad:
www.agderfk.no

dampmaskin på 14 hk. Same dag som «Bjoren» vart sjøsett i Kilefjorden gjekk søsterskipet «Dølen» av stapelen i Byglandsfjorden. Slik vart det klart for rutetrafikk i korrespondanse mellom dei to båtane. Før slusa i Storstraum opna i 1869, var Bygland reisa sin siste stoppestad. Ved hjelp av Storstraum sluse kunne båtane gå inn i øvre del av Byglandsfjorden, og vidare nordover til Ose der den gamle skysstasjonen hadde losji for dei reisande.

Samtrafikken mellom «Bjoren» og «Dølen» gjekk sin gang i om lag 30 år, før Setesdalsbanen i november 1896 opna frå Kristiansand til Byglandsfjorden. No vart «Bjoren» overflødig på Kilefjorden, og etter kort tid utan arbeid vart dampbåten delt i to og frakta med hest og kjerre på dei dårlege vegane til Byglandsfjorden der han skulle gå i rute saman med «Dølen». Dampmaskina vart frakta med jernbanen. Vel framme ved Byglandsfjorden vart båten forlenga med seks fot og klinka saman att. «Bjoren» vart heilt på grensa av den lengda som kunne passere gjennom slusa i Storstraum.

På same vis som D/S «Skibladner» var ei forlenging av hovudbana Christiania-Eidsvoll, var «Bjoren» og «Dølen» ei forlenging av Setesdalsbanen på vatn. Opphavleg hadde «Bjoren» berre eit sol- og regntak som overbygg, men i 1887 fekk fartøyet oppført eit styrhus midtskips. Utover 1900-talet ynskte Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen seg eit nytt og større fartøy som kunne gå på fjorden, og då det utvida sluseanlegget sto klart i 1912 låg tilhøva til rette. Men det vart aldri noko nytt og større dampskip på Byglandsfjorden. Derimot satsa selskapet på «Bjoren», og i 1914 vart dampskipet omfattande modernisert hjå Kristiansand Mekaniske Verkstad.

Dampskibsselskapet Bjoren og Dølen hadde dei to dampsluppene «Bjoren» og «Dølen» i trafikk på Byglandsfjorden fram til 1930, då verksemda vart avvikla. Olav Frantsen Syrtveit tok over båtane i 1931 og heldt fram med rutefarten fram til 1957. Då var det kome veg på vestsida av Byglandsfjorden og driftsgrunnlaget for båttrafikken var borte. «Bjoren» gjekk etter dette i opplag. I 1963 fekk «Bjoren» ny eigar, og i nokre år gjorde båten teneste som kafé ved campingplassen på Ose.

Bygland kommune overtok eigarskapen i 1978, og sette i gang ein aksjon for å berge fartøyet, som då låg delvis under vatn ved kai i Byglandsfjorden. Restaureringa gjekk føre seg ved Drammen Skibsreparasjoner A/S, under fagleg leiing av Riksantikvaren. «Bjoren» vart sjøsett på nytt i Byglandsfjorden i 1994, og i dag ser fartøyet ut slik det gjorde etter ombygginga i 1914.

Grunngjeving

Då «Bjoren» vart sett i rute på Kilefjorden pinsa 1867 var den mellom dei tidlege dampskipa på vassvegane i innlandet. Kring midten av 1850-tallet starta ei veldig utvikling av båttrafikken på elvar, kanalar og innsjøar i Noreg, og mellom dei tidlegaste passasjerfartøya i innlandet var dei små opne dampsluppene. Denne utviklinga kan sjåast som ein parallell til bygginga av kanal- og jernbaneanlegg i andre europeiske land. Men i Noreg vart utbygginga av båt og jernbane sett i samanheng og ikkje som konkurrerande transportsystem, noko som må sjåast på bakgrunn av den store kostnaden med jernbaneanlegg i norsk terreng. I fleire mindre vassdrag og vatn, som på Byglandsfjorden, stoppa utviklinga opp ved dampsluppen, som med ein del endringar var i bruk like lenge som rutene vart oppretthaldne. Historia til fartøyet «Bjoren» er eit svært godt døme på dette.

Saman med dei andre freda fartøya i vassvegane inne i landet er «Bjoren» eit viktig samferdselsminne knytt til den tidlege utbygginga av offentleg transport. I Setesdalen, som fleire andre stadar i landet, var utbygginga basert på jernbane frå kysten og fram til farbare vassvegar, og korrespondanse med dampskip vidare inn i landet. Dette systemet var mange stader i bruk til kring midten av 1900-talet, då vegbygging og rutebilar fjerna grunnlaget for drifta.

«Bjoren» har store kultur- og kjeldehistoriske verdiar knytt til samferdslehistoria generelt, og i Setesdalen spesielt. Samstundes utgjer ho ei viktig kjelde til kunnskap om den tidlege

dampbåttrafikken på vassvegane i innlandet, og utviklinga av denne. Fartøyet oppfyller krava om «særleg kulturhistorisk verdi».

Vidare saksgang

Varsel om oppstart av fredingssak blir også kunngjort i avisene Setesdølen og Fædrelandsvennen, jf. kulturminnelova § 22 nr. 1 andre ledd.

Dykk kan gje tilbakemelding på dette varselet om oppstart av fredningssak innan 26. april 2024.

Eventuelle merknader og innspel sendes elektronisk til postmottak@agderfk.no, eller pr. brev til Agder fylkeskommune
Postboks 788 Stoa
4809 Arendal

Venleg merk tilbakemeldinga med følgande referanse: 23/15498

Proessen

Etter utløpet av høyringsfristen vil det endelege fredingsforslaget bli utarbeidd, og alle innkomande merknader vil bli vurdert og kommentert.

Fredningsforslaget vil deretter bli sendt over til Riksantikvaren for endeleg behandling.

Vi ber om at fartøyet vert handsama som fredda fram til fredingssaka er ferdig. Dersom ein vil setje i verk tiltak som vil medføre endringar, eller som er meir omfattande enn vanlig vedlikehald, ber vi om at det vert teke kontakt med Agder fylkeskommune.

I medhald av kulturminnelova § 22 nr. 4 kan kulturminnemyndigheita gjere vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort, dersom dei verdiane fredinga skal vareta, vurderast som trua.

For nærmare informasjon om fredingsprosessen viser vi til informasjon på Riksantikvarens heimeside <https://www.riksantikvaren.no/veileder/fredningssak-frem-til-vedtak/>

Interesserte kan og få tilgang til ytterlegare informasjon om fredingssaka ved å vende seg til Agder fylkeskommune v/rådgjevar Sam Bugge, på e-post Sam.Bugge@agderfk.no.

Med helsing

Yvonne Fernmar Willumsen
Avdelingsleiar
Kulturminnevern og kulturturisme

Sam Bugge
Rådgjevar
Kulturminnevern og kulturturisme

Brevet er godkjend elektronisk.

Kopi til: Setsdalsmuseet
Bergen sjøfartsmuseum
Norsk forening for fartøyvern

EVJE OG HORNNES KOMMUNE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
RIKSANTIKVAREN
SAMFERDSELSDEPARTEMENTET
SJØFARTSDIREKTORATET
NORSK MARITIMT MUSEUM